



Dei knivskarpe Nesjarane stiller opp att i år. Her er dei etter sigeren i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Laurdag kveld er det påske-quiz i regi av Aktivitetshusets Damevenner i Helgheim og til i ettermiddag (fredag) er det 11 påmelde lag, opplyser Anita Enæs til uskedalen.no**  
**Det er enno ikkje for seint!**  
**I fjor var talet 17 og Anita trur ikkje det blir så mange i år fordi det er så mykje som skjer i alle bygder.**

Anita veit ikkje alle namna på laga og legg til at det veit dei knapt nok sjølve - førebels. Heller ikkje veit ho kor mange som stillar opp på kvart lag.

Men Nesjarane frå dei sentrale delar av Uskedalen, som vann i fjor og også hevda seg skarpt på Værtshuset sist sommar, har meldt seg på. Er det nokon som kan slå dei i år?

Serveringa blir som i fjor - med øl, vin og cider samt snacks og pølse i brød. Servering ved bodra var ein stor suksess i fjor og det gjentek dei difor i år.

Uansett deltaking blir det nok ein spennande kveld i eit tradisjonsrikt lokale.

Av Ola Matti Mathisen